

Fra: "Halvor Lurås" <halvor.luras@gmail.com>
Sendt: torsdag 20. august 2026 14:37:16
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Halvor Lurås" <halvor.luras@gmail.com>
Emne: Høringsuttalelse 202526242 om Lurefossen
Vedlegg: Til NVE. høringsuttalelse søknad om utbygging av Lurefossen.docx, Kilde Vassdragsverning.docx, Lure Historielag Lureåe.pdf

22 MENINGER Torsdag 23. juli 2026 RÅKAN ARBEIDERBLAD



Kvema i Luråi FOTO: BJØRN FAUSKE

+ Blodsuging av Luråi er å gå baklengs inn i framtida

Miljøforskarar over heile verda er semde om at menneskets naturødeleggjande aktivitet gjennom forureining og overforbruk har passera ei kritisk grense med det resultat at jordas klima er i endring. Biotopar av plante, insekt, fugle og dyreriket blir borte ein etter ein.

For i det heile å bevare mennesket sitt eige livsgrunnlag er det naudsynt å snu omgåande. Det betyr ikkje berre å stoppe, men

å ta fatt på restituering av øydelagt natur. Det snakkast varmt om fornybar energi og at tapping av Luråi vil på ein positiv måte bidra til å dekke opp eit aukande kraftbehov.

Alle er klar over at verdas kraftbehov blir skapt av globale kapitalistiske styringsmetoder. Desto meir kraft desto meir produksjon. Til kva? Til å fylle eit ustoppelig oppkonstruera materialistisk behov i form av ei mengde ufornybare forureinande aktivitetar.

Då er reknestykket enkelt: «Fornybar energi bruka til ikkje fornybar aktivitet er ikkje fornybart», men fører berre til ytterlegare nedbryting av natur. Luråi bør ikkje gje vatten på den mølla.

No skal me heller ikkje gløyme eventyret om mannen som skulle av stad å selge kua si. Han kom heim utan ei krone i lomma avdi han lot seg lure heile vegen. Å selge naturverdiar er enda verre, me ender ikkje opp i null, men i minus. Dei forventa klimaendringane vil koste meir enn nokon økonomi kan rette opp.

No har me fått erfare kva for ei kraft det er i felles innsats. Heile nasjonen la seg på årene for at ein ball skulle trille i riktig retning. No er det slutt, eller er det det? Naturødeleggjing er og ein ball som triller og den triller fort - i feil retning.

Bjørn Fauske Lyschahl

Du strålande Lurefoss, dei vil leggja deg i rør!

DU SOM i uminnelege tider har lyst opp sinnet for folk som gjekk forbi deg. Du med din fine trappetrinnfoss når du er i din daglege rytme, men som i vårløysinga gjeng skummande kvit frå toppen og ned til dalbotnen.

Åh, for ein livskvalitet vi vil miste med deg, eg sit med tåre i augo.

Du som i mange århundre har vore til nytte for folk her med å dra kvennesteinar i mange kvennehus, vadmelsstamper, slipesteinar, sagbruk, smihamarar og vatningsanlegg for jordbruket i Luråsgrenda og Haukåsbygda.

Men da fekk du samtidig vera synleg med utstrålinga di. No vil dei legge deg i mørke rør og så skal du koma ut at i dagsljøset i dalbotnen ved ein turbin som lagar kreftene dine om til elektrisk kraft. Men da er din stråling teke frå deg og frå oss som ikkje vil miste deg.

Ein fin dag blei til ein trist dag!

Den 2. juli 2026 vakna eg til ein fin sumardag, i dag skulle eg kose meg med å stable tørr fin ved som min gode vedleverandør Alf kom med i går. Men dagen blei plutseleg annleis. Kona og eg såg gjennom dagens nyheiter på nett, og da seier kona: No vil dei bygge ut Lurefossen, det står her på RA nett.

Det slo meg som ein hammar i skallen. Å huttetu tenkte eg, dette blir ein trist dag, og skulle dei nå fram med dette så blir det ein trist dag og sjå attende på.

Damprosjektet ved Lufsjå

Eg var flisegut (14 år gamal) for ein ingeniør som i 1954 målte opp Lureelva frå Dale til Lufsjå med tanke på å bygge ut Lurefossen. I Tinn Energi ligg planane for dette fra Ing. A.B. Berdal, Oslo datert 2.3.1955, det skulle byggast ein 3 m høg dam ved Lufsjå.

Men så slutta Elverkssjefen som hadde ivra for dette, og det blei ikkje noko av. Eg har skrive



Lurefossen

FOTO: ARKIVBILDE RA

om dette i boka mi «Fjellpartiet mellom Numedalen og Tinn «Lufsjåtangen» s.125. Etter at eg blei vaksen har eg mang ein gong takka skjebnen for at det ikkje blei noko av den utbygginga. Men no kjem det altså eit nytt angrep.

Dei må ha gjenge på filt-tøflar

Så kjem dette no 2. juli 2026. Ingen ting har siva ut at dei dreiv med eit slikt prosjekt, og prosjektet skal på høyring og fristen er 21. august 2026. Det stend at NVE oppfordrar alle med synspunkter til å sende inn uttalelse. Ja, folk skal bruke ferien sin på dette, da. No har Tinnfos AS jobba med dette prosjektet truleg i fleire år, og så er fristen for uttale i ferien sju veker. Det høyrer ingen stad heime, den fristen må utvidast mykje slik at det er maugeleg og få sett seg inn i dette.

Dette er ei stor og vanskeleg sak for eit lite og tett bygdesamfunn.

Her vil det utvilsamt vera for og imot både blant familiar og grannar og kjentfolk. Slike

usemjer har me lese at skaper stor uro og kan føre til at folk sluttar å snakke med kvarandre. Og det må ei ta på ramme alvor. Dette har nok Tinfos vore klar over, derfor dette hemmeleghaldet. Men for oss som er utsatt for dette hemmeleghaldet er det svært provoserande i tillegg til sjølve saken som er trist.

Saka er forsøkt framheva som ein «Fornybar energi med lokale røtter».

No har Tinnfos AS jobba med dette prosjektet truleg i fleire år, og så er fristen for uttale i ferien sju veker. Det høyrer ingen stad heime, den fristen må utvidast mykje slik at det er maugeleg og få sett seg inn i dette.

Det stend i RA at bakgrunnen for saka er ynskje frå fallrettighetshavarane og grunneigarene om å utnytte lokale naturressursar i Lureelva.

Det står også at utbygginga vil gje eit positivt bidrag til å redusere underdekningen i landets kraftforsyning.

Det er nok ein underdekning som er sjølvforskyldt ved at mydigheitene let Datalagra få all den kraft dei peiker på. Og kva skal vi med all denne datalagringa? Og dette er ein industri som gjev svært få arbeidsplasser. Medan annan arbeidsintensiv industri ikkje får sine behov dekt. Og elektrifisering av sokelen er ein annan feilvurdering frå myndigheitene som berører behovet for kraft..

Dessutan sel vi kraft til Tyskland som sjølv har lagt ned alle kolkraftverk og atomkraftverk. Det er da vel ikkje Noregs oppgave å sørje for å kompensere den dumskapen frå Tyskland.

Det står at dette kraftverket skal gi 5,64 GWh og det tilsvarar omtrent 280 husstander. Men dette går nok ikkje til husstandar, det går til datalagring og eksport.

Vassdraget er verna

Dette vassdraget er verna og må ikkje byggjast ut. Det er no ein

bakgrunn for at det er verna, eg vil tru at Lurefossen er ei viktig brikke i vernet, for den er den einaste store fossen i dalen. Heile Tinn er bygd ut, bortsett frå Austbygde - Tessungdalen og det må ein ikkje med eit pennestrøk endre på, og det berre for om nokon vil gjere pengar på denne flotte fossen.

Og etter det eg har lese er mest alle desse småkraftverka selt til utanlandske investerar etter kort tid. Dei lokale har blitt freista til å putte pengane i lomma og ikkje tenkt på komande generasjonar.

Det står at utredningen viser at prosjektet er vurdert til «noe negativt».

«Og for vannmiljøet vurderes konsekvensene som «ubetydelige» da reduksjonen i vannføringen beregnes til 17 prosent.» Dette høyrer rart ut for meg, her er det nok mykje synsing. Og det er slik dei driv, ta litt av gangen som kvar for seg er «lite», men som samla blir stort.

Kva med bevaring av kultur?

Lure kulturminneområde blir sterkt berørt av dette.

Så skal dei rive ei gamal sag står det. Det hadde vore betre om den blei velt, for det er den eldste saga i dalen som ein gong gjekk med vannkraft. Og den saga blei det saga alle materialar til Dale snikkarverkstad i alle år som Daleverkstaden var i drift.

Eg har sjølv vore ansatt der eit år, i 1956-57, og var da med som hjelpemann på saga om våren og stabla materialar, da gjekk saga med el. kraft. Og kvifor skal dei oppstrøms rydde vekk rester av gamle fløytedammar, det er da kulturminne frå ei annan tid.

Dette får vera nok for i dag, men høyringsfristen må utsettast betrakteleg, ellers blir ut-sagnet om at ein ynskjer alle innspel velkomne berre flokkslar.

Stopp dette prosjektet!
Austbygde den 2. juli 2026

Hålvor Lurås



Enkel familietur
Ca 1 t tur-retur
Høgde ca 400 moh



Kart:
Tessungdalen
1615 III



Tilgjengeleg
ca. 1. mai–1. november



Bok:
Kulturminner i Tinn
av Ulf Hope/ Per Berntsen

NaTUR og kulTUR

Lett, familievenleg tur i eit historisk landskap langs den gamle bygdevegen ved Lurefossen. Stien er forholdsvis flat og tørr, og du finn kvilebenkar og infotavler undervegs.

Frå p-plassen ved Lurheim går du rett over hovudvegen, der startpunktet for stien er skilta med kulturminneområde. Herfrå

følgjer du stien innover i skogen til første kryss. No er du på den gamle bygdevegen. Her tek du til venstre mot Jordskås, restane etter garden der Jon T. Rue/Snowshoe Thompson budde i mange år med familien sin. Frå Jordskås går du same vegen tilbake, og i løypekrysset fortsat du mot Lure Bru. Undervegs finn du infotavler. Området rundt brua er fint for ei matpause og ein spaseretur blant kulturminna knytt til fossen.



Snowshoe Thompson

FRÅ HUSMANNSSON I TINN TIL SKIHILT I USA

På 1800-talet utvandra over 800.000 kvinner og menn frå jordfattige, overfolka bygder i Noreg til Amerika. I Lure kulturminneområde følgjer du den gamle bygdevegen, som 54 håpefulle tinndolar gjekk då dei utvandra i 1837. Ein av dei var 10 år gamle Jon Torsteinson Rue, som vaks opp på husmannsplassen Jordskås. Mora og Jon reiste frå tronge kår i Tinn til framtid og håp i Amerika. Jon (no Thompson) slo seg etterkvart ned som bonde i Nevada. Vinteren 1856 gjekk 29 år gamle John for første gong på ski over Sierra Nevada med post. Då starta ei tjuve år lang karriere som postmann, skihelt og livreddar i snøstormar i dei over 4000 m høge fjella. «Snowshoe Thompson» fekk legendestatus og blei sjølv svaret på California sitt motto: «Bring me men to match my mountains» (Haukaas, J. (1993) Snowshoe Thompson).



ROSEMÅLING – TYPISK NORSK, ELLER?

Rosemaling vaks fram i store delar av Europa på 1600 og 1700-talet, og rosemåla gjenstandar var eit teikn på velstand. Til dømes liknar rosemålingsstilen i Hindeloopen i Nederland Telemarksstilen, men ekspertane er uenige om kven som har påverka kven og korleis. Telemarksstilen er ein av dei mest kjende og brukte rosemålingsstilane i Noreg i dag. Thomas Luraas (1799-1886) frå Tinn var ein dyktig, landskjend rosemålar, som saman med brødrene og spelemennene Knut og Øystein, har fått minnestette ved Lurheim.

Vil du sjå eller kjøpe produkt frå lokale handverkarar? Besøk Tinn Bydeustilling i Austbygd eller Tinn Håndverkssenter i Atrå!



FRÅ LIVSGRUNNLAG TIL KULTURHISTORISK IDYLL

Vasskraft frå Lureelva var grunnlaget for den første industrien i Tinn. Lureelva spring ut frå høgfjellsvatnet Lufsjaen 1213 moh, renn trinnvis 300 m ned den skogkledde dalsida og ut i Tinnsjøen. Vatn og lausmassar har grave ut og forma trappetrinna i berga, som består av gneis med nord-sør struktur. Frå slutten av 1700-talet til rundt 1930 var vasskraft frå «trappefossen» livsgrunnlaget i bygda. Ein periode dyrka kvar gard korn, som dei slo med låar og malte i gardskverna ved elva. Langs Lurefossen finn du fleire minne frå denne tida: Restaurerte kvernhus, tufter og spor etter andre kverner. «Lureelvans verkstad for låær», ei oppgangssag og mykje meir. (Lure Historielag (2005) Årsskrift).

Vil du lære meir lokalhistorie? Besøk Tinn Museum på Rjukan eller kontakt Olav Haukaas (tlf. 988 19 857) for ein guida Luretur med lokalekjende ildsjeler!



Køyrebeskrivelse

Start i Austbygd sentrum

Tessungdalen

Ta av mot Tessungdalen.
Etter 7 km ta av til venstre.

Parker gratis ved Lurheim grendehus. GPS: 32V 489572, 6657239

Kor langt er det til
Lure kulturminneområde frå:

Austbygd	7 min	7,0 km
Hovin	30 min	30,5 km
Rjukan	40 min	38,0 km
Skinnarbu	1 time	58,5 km
Rauland/Krossen	1 t 20 min	85,0 km

Ver venleg å ta med deg søppel heim. Hugs båndtvangen. Ta omsyn til beitedyr og lat att grunder. Du har sjølv ansvar for eigen tryggleik undervegs. God tur!



Du finn fleire turtips på www.nasjonalparkrute.no

Tinn
flustbygd

HISTORISK IDYLL VED LUREFOSSEN
Lure kulturminneområde



Fottur 1 t 2 km



Kulturminne

- 1 Lurheim med minnestette
- 2 Jordeskås
- 3 Tømmerkverna
- 4 Den gamle bygdevegen
- 5 Brua
- 6 Oppgangslaga
- 7 Jonsjordkverna
- 8 Vadmestampa
- 9 Lureheims fjå og krivsmie
- 10 Lureslogu
- 11 Dalskverna
- 12 Røekverna
- 13 Håvardrudkverna
- 14 Dalskverna
- 15 Tambertrase

0m 50 100 150 200 250m

Merka turstig

Kart: N50 Tillatelsenr NE13889-200901



KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?



TYTTEBÆR

Rørte tyttebær smakar godt til viltrettar



FURU

Furu likar seg best på tørr grunn, og kan bli opptil 800 år gammal



LUREFOSSEN

I over 150 år var vasskraft frå «trappefossen» grunnlaget for liv og næring i bygda.



JONSDJORDKVERNA

Det blei malt korn i kvernhuset frå 1780 til 1930, då bygdemølla kom.



LURE BRU

Brua frå 1820 blei brukt fram til 1880, restaurert og nyopna i 1997.



VisitRjukan Torget 2 tlf. 35 08 05 50

www.visitrjukan.com

IMG 7531 er Bjønn Fauske Lysdahl sitt avisinnlegg i RA

IMG 7532 er Halvor Lurås sitt avisinnlegg i RA

Skann 9. png og Skann 9(2).png er Visitt Rjukan sin trykte brosyre over Lure kulturminneområde.

Austbygde 20. august 2026

Halvor Lurås